



Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/2315 - 19/19021

Saksbehandlar:
Marie Koksvik Thorsen
marie.koksvik.thorsen@osteroy.kommune.no

Dato:
10.10.2019

Heradsstyret

Informasjon til heradsstyret om bruk av Møteportalen, kommunen si heimeside, varainnkalling m.m.

Møteinnkallingar, saksdokument og annan informasjon til politikarane vert sendt ut elektronisk, og det er ikkje lenger høve til å få saksdokumenta på papir.

Møteportalen

Møteportalen for politikarar vil verte politikarane sitt fremste arbeidsverktøy. Dette er ei nettbasert løysing, som folkevalde vil kunne logge seg inn på. Der vil de finne innkallingar, saksdokument med vedlegg og protokollar. De kan sjølv velja kva utstyr de vil bruke; PC, nettbrett eller mobiltelefon til å logge på portalen, den fungerer på alle plattformer. De treng ikkje kommunal e-postadresse, og kan difor bruka eige utstyr etter eige val. Pålogging skjer ved bruk av MiniID, BankID eller tilsvarande sikker pålogging. Portalen er enkel i bruk og vil gi politikarane lett tilgang til aktuelle saker/dokument. Brukarrettelegg ligg ved.

Kva kan ein finne på Møteportalen?

Generelt vil me oppmode alle til å gjere seg kjent med innhaldet på Møteportalen. Her kjem ei kort oversikt over menyponkta kvar ein finn den viktigaste informasjonen:

Mine møter

Her finn du ein kalender med oversikt over møta i dei utvala du er med i. Under kvart utval finn du sakliste med oversikt over alle saker og saksdokument til kvart møte. Så snart ei innkalling er sendt ut på e-post, vil ein kunne finne oversikta her.

Møteprotokollar

I tillegg til oversikta over politiske møte og sakspapir, får ein tilgang til møteprotokollar så snart dei er ferdig skrivne. Dei ulike sakene vert også oppdatert med vedtak så snart desse er tilgjengelege. Oppdateringar her skjer fortløpande. Vanlegvis vert protokollar tilgjengelege innan to dagar etter at møtet vart halde.

Post

post@osteroy.kommune.no
Geitaryggen 8
5282 Lonevåg

Kontakt

www.osteroy.kommune.no
Telefon 56 19 21 00
Telefaks 56 19 21 01

Konto
Org.nr. 864.338.712

Vedtak

Her finn du ei oversikt over alle enkeltvedtak i saker frå offentlege utval.

Offentlege utval

Her kan ein finne ei oversikt over møta i alle politiske utval (ikkje berre dei ein sjølv er medlem i), og sjå gjennom dei offentlege sakene. Diverre vert ikkje dette menypunktet oppdatert like raskt som ein kunne ønskje, men me håper at også dette vert betre etter kvart.

Informasjon

Her har me lagt ut alle reglement samt informasjonsbrev til folkevalde. Her samlar me også opp utdelte dokument frå politiske møte, som ikkje kom med i innkallinga, men som vart delt ut i dei ulike møta. Dokumenta vert delt inn i mapper frå kvart møte.

Heimesida: www.osteroy.kommune.no

Generelt vil me vil oppmode alle til å gjere seg kjent med innhaldet også på kommunen si heimeside. Her kjem ei kort oversikt over kvar ein finn den viktigaste informasjonen her:

Politikk og høyringar

På framsida av kommunen sin heimeside finn du *Politikk og høyringar*. Inne på denne sida finn du alt av informasjon som har med politikk og gjere: <https://www.osteroy.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/>

For folkevalde

Her har me samla informasjon til folkevalde. Her finn du inngang til *Møteportalen* samt alle reglement som er relevante for folkevalde: <https://www.osteroy.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/for-folkevalde/>

Snarveg til Møteportalen

På framsida finn de ein snarveg under tittelen *Møteportal for politikarar* (nedst på framsida, i det blå feltet): <https://www.osteroy.kommune.no/>

Politikk i Osterøy

Her finn du ei oversikt over alle politiske utval med informasjon om dei: <https://www.osteroy.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk-i-osteroy/>

Godtgjersle

For utfyllande informasjon om reglane for utbetaling av godtgjersle, sjå reglementet: <https://www.osteroy.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/for-folkevalde/>

Møtegodtgjersle

Folkevalde får utbetalt godtgjersle for deltaking på politiske møte. Faste representantar får ei fast godtgjersle, men vil få trekk i denne dersom dei melder forfall til meir enn ein fjerdedel av møta. Vararepresentantar får utbetalt ei godtgjersle for kvart møte dei har delteke i. Den samla godtgjersla vert utbetalt kvart halvår.

Godtgjersle for tap av inntekt, køyring m.m.

Dersom politiske møte medfører tap av inntekt kan dette inntektstapet verte dekket. Dokumentasjon vil vere naudsynt. Godtgjersle for køyring eller skyssutgifter til politiske møte vert utbetalt ved at ein fører reiserekning.

Godtgjersle for bruk av datautstyr

Heradsstyremedlemmer og faste medlemmer i utval får kr 1000,- pr. år for bruk av eige datautstyr. Dette inkluderer bruk av privat PC, brett, skrivar, papir og anna utstyr inkl. tilgang til internett.

Automatisk innkalling av vara – testordning

Etter det konstituerande møtet i heradsstyret kjem me til å teste ei ordning med automatisk innkalling av vara til møte i dei politiske utvala.

Ordninga fungerer ved at du melder forfall ved å trykke på ei lenkje i ein e-post, som vert sendt i samband med innkallinga. Då sendast ein automatisk SMS til første vara på lista. Vararepresentanten vil få ein SMS som spør om han ønskjer å stille som vara til det aktuelle møtet. På denne meldinga må du svare enten JA eller NEI til spørsmålet om du kan stille som vara. Dersom du svarar nei, vil meldinga verte sendt til neste vara på lista.

Forfallet må grunngjevast.

Melde forfall til delar av møtet eller ved ugildskap/inhabilitet

I tillegg kan du krysse av for om forfallet gjeld for heile møtet, eller delar av møtet (tidsbestemt) eller ved mogleg ugildskap/inhabilitet. Når det gjeld mogleg ugildskap, må du skrive inn saksnummer for den aktuelle saka.

Sekretariatet vil få beskjed når behovet for vara er dekket. Meldingane vert lagra ei viss tid, slik at sekretariatet vil kunne følgje med på meldingsloggen. Dersom du har meldt forfall til møtet, men finn ut at du likevel kan stille, må du melde frå om dette til sekretariatet.

Dersom du treng hjelp eller har spørsmål til ordninga, ta kontakt med sekretariatet.

Nettilgang på rådhuset

På møte i rådhuset kan trådløst gjestenett nyttast.

Folkevaldopplæring

Det vil verte gitt opplæring for folkevalde 30-31. oktober. Innkalling og informasjon vil verte sendt ut. Under dette møtet vil det også verte gitt ein introduksjon i korleis Møteportalen fungerer. Dei som ønskjer meir opplæring etter dette, kan melde frå til sekretariatet.

Opplæringshefte: Tillit

Vedlagt finn de *KS sitt Folkevaldprogram* for valperioden 2019-2023. Dette er eit opplæringshefte for folkevalde. Her kan du få innsikt i kva dine oppgåver som folkevald går ut på og korleis den kommunale forvaltninga fungerer. Fleire av emna i heftet vil også verte tema for folkevaldopplæringa.

Skjema til utfylling: Kontaktinformasjon og kontonummer

Vedlagt finn du eit skjema for utfylling av kontaktinformasjon og kontonummer. Me ber alle nye medlemmer og varamedlemmer om å fylle ut dette skjemaet innan 21.10.19. Dersom du har vore medlem/varamedlem i førre valperiode, treng du ikkje gjere dette, med mindre du ønskjer å oppdatere opplysingane dine.

Dette til orientering.

Med helsing

Marie Koksvik Thorsen
Rådgevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Tillit-KS
Kontaktinformasjon og kontonummer - skjema til utfylling